

VEDLEGG



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

*Kommunal- og distriktsministeren*

Stortingets presidentskap  
Ekspedisjonskontoret  
0026OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/3-44

6. november 2023

## **Feil i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet**

Eg vil med dette gjere merksam på følgjande feil i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet:

I Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet (Grønt hefte 2024) er det etter at heftet vart trykt oppdaga ein feil i fordelinga av det førehandsfordelte skjønstilskotet til kommunane i Østfold, Akershus og Buskerud. Dette påverkar størrelsen på samla rammetilskot til desse kommunane i 2024 (vist i tabell 1-k) og anslaget på vekst i frie inntekter frå 2023 til 2024 (vist i tabell 3-k). Korrigerte tabellar for desse kommunane er publisert på [regjeringa.no/Grønt hefte](https://regjeringa.no/Grønt_hefte). Fordelinga av skjønstilskotet og rammetilskotet vil bli retta opp i den endelege berekninga av rammetilskotet til kommunane etter Stortingets vedtak om statsbudsjettet for 2024.

Med helsing

Erling Sande